



Gloppen kommune
Grandavegen 9
6823 Sandane

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Gloppen kommune - budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023

Gloppen kommunestyre har i møte 18.12.2019, sak 163/19, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023 for Gloppen kommune. Fylkesmannen fekk saksdokumenta til orientering i januar. Våre merknader knytte til manglande vedtak og skjema sende vi i brev til kommunen 13. februar. Desse vart handsama på nytt av kommunestyret 29. april og innsende til Fylkesmannen 28.05.2020.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Oppsummering

Det blir budsjettert med negative driftsresultat i heile planperioden, som blir dekte inn ved bruk av fond. Etter kvartalsrapportering og budsjettjustering 29.04.2020 er budsjett 2020 no vedteke i balanse, utan bruk av fond.

Kommunen budsjetterer med høge investeringar i perioden, noko som vil få konsekvensar for det økonomiske handlingsrommet. Fylkesmannen er uroa for ei stadig aukande lånegjeld, samstundes som reservane blir borte.

Moderate låneopptak og arbeid med finansielle måltal og handlingsreglar blir eit viktig grunnlag for styring mot ein berekraftig økonomi for Gloppen kommune framover.

Budsjett 2020

Dei frie inntektene vart budsjettert noko høgare enn KS sin prognosemodell etter statsbudsjettet. Førebelse tal for 2019 viser at netto driftsresultat er negativt med minus 1,7 prosent. Dette tilsvarar om lag 10,4 mill. kroner. For 2020 vart det budsjettert med eit negativt resultat på om lag 3,1 mill.



kroner, som tilsvarar minus 0,5 prosent av brutto driftsinntekter. Etter budsjettjustering i april er budsjettet no i balanse.

Disposisjonsfond i prosent av brutto inntekter er for 2019 førebels på 0,3 prosent, noko som er godt under anbefalt nivå frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 5 prosent.

Kommunen gjorde ikkje eit fullstendig vedtak på låneopptak i desember. I kommunestyret 29. april vart det gjort endeleg vedtak om eit låneopptak på om lag 113 mill. kroner, og auke av kassekreditt til 25 mill. kroner.

Investeringar i anleggsmidlar for 2020 utgjorde i dei opphavlege budsjettdokumenta om lag 96 mill. kroner. I tillegg kom investeringar til VAR for 13,2 mill. kroner og startlån med 5 mill. kroner. Dei største investeringane er knytte til nytt omsorgsbygg og nytt blålysbygg. Kommunen vil få tilskot på 29 mill. kroner til det nye omsorgsbygget etter kvart, noko som då vil redusere gjelda tilsvarende.

Økonomiplan 2021 – 2023

Det er for kvart år i perioden 2021 – 2023 budsjettert med negative netto driftsresultat, minus 4,6 mill. i 2021, minus 4,6 mill. i 2022 og minus 4,9 mill. kroner i 2023. Vi kan ikkje sjå at det er gjort endringar i fordeling til drift dei siste åra i perioden, med unntak av eit nedtak på om lag 1,5 mill. kroner i oppvekstsektoren frå 2020 til 2021. Skatt og rammetilskot er budsjettert på same nivå som for 2020.

Dei største nye tiltaka/investeringane i slutten av perioden, utanom prosjekta til sjølvkost, er rehabilitering av Hyen skule og idrettsplassen på Sandane. For heile økonomiplanperioden er det planlagt investeringar for om lag 236 mill. kroner. Investeringane til sjølvkost utgjør om lag 31 mill. kroner. Alle investeringar dei tre siste åra i perioden er tenkt lånefinansiert fullt ut.

I statistikkbanken til SSB finn vi at ved utgangen av 2019 utgjør langsiktig gjeld (eks. pensjon) om lag 724 mill. kroner, noko som tilsvarer 117,6 prosent av brutto driftsinntekter. Snittet for landet utgjør 110,5 prosent. I økonomiplanen er renteutgifter og avdrag auka med til saman 3 mill. kroner for å finansiere investeringane i perioden.

Fylkesmannens vurdering

Økonomiplanen skal gi ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Han skal og syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp, og at det er først og fremst kommunestyret som gjennom sine vedtak har ansvar for at budsjett og økonomiplan oppfyller kravet om realisme. I dette ligg det òg at kommunane følgjer eit forsiktigheitsprinsipp i budsjettering av inntekter, særleg gjeld dette der inntekter må vurderast som usikre, t.d. der det ikkje ligg føre ekstern dokumentasjon.

Fylkesmannen meiner at Gloppen kommune har ein realistisk økonomiplan med tanke på frie inntekter slik vi kjenner dei i dag, og kommunen er dermed i posisjon til å levere gode tenester til innbyggjarane. Frie inntekter per innbyggjar utgjorde 65 967 kroner for Gloppen i 2019, medan summen for landet utgjorde 57 297 kroner.

Samstundes er det vesentleg for å betre dei årlege resultatata at innsparingar blir gjennomførde kvart år, slik at ein greier å skape nødvendig handlingsrom for lettare å tilpasse seg endringar i rammeoverføringar, og for å legge tenestene på eit nivå som er berekraftig over tid. Dette er spesielt viktig fordi dei årlege budsjetterte netto driftsresultata i økonomiplanperioden er negative eller ligg under det anbefalte nivået frå TBU på 1,75 prosent, og også under dei måla som er sette opp av kommunen sjølv.



Fylkesmannen er klar over at det no er sett i gang eit arbeid knytt til økonomi og innsparingar, og kartlegging av konsekvensar av naudsynte tiltak. Kommunestyret må finne løysingar på dei negative resultatane i perioden når dei startar arbeidet med ny økonomiplan til hausten, og særskilt dersom underskotet frå 2019 ikkje er dekt inn enno.

Med bakgrunn i folketalsframskrivingane frå SSB viser desse at Gloppen kommune får eit aukande behov i tal årsverk innanfor institusjon og heimetenester framover. Når det gjeld barnehage og skule er tal årsverk omtrent som på dagens nivå.

Ei stadig aukande lånegjeld i planperioden vil få konsekvensar for det økonomiske handlingsrommet, noko som igjen vil gå ut over tenestetilbodet til innbyggjarane. Netto renteeksponert gjeld var på 83,6 prosent ved utgangen av 2019, og hadde gått noko opp frå 2018. Dette gjer at kommunen er utsett for endringar i rentenivået.

Vi minner til slutt om kommunelovas § 14-3, som seier at økonomiplan for dei neste fire år og årsbudsjett for det kommande året skal vedtakast før årsskiftet.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent